



## MØTEPROTOKOLL LEVEKÅRSUTVALET

**Møtedato:** 24.09.2018  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

Møtet vart avslutta med besøk på Dale barne- og ungdomsskule

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Utvalsleiar
Hege Eide Vik	SP	Nestleiar
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

### Andre møtande:

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad  
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum  
Rådmann Trine Pettersen Grønbech  
Politisk sekretær Sølvi Legård

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
21/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
22/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
23/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
24/2018	EVALUERING AV INTERKOMMUNAL LEGEVAKT VOSS OG OMEGN
25/2018	MELD. ST. 15 LEVE HELE LIVET
26/2018	RAMMEPLAN FOR VAKSDAL FRIVILLIGSENTRAL
27/2018	TILSTANDSRAPPORT 2018
28/2018	KOMMUNEDELPLAN OPPVEKST - ARBEIDSPROCESS OG TEMA I PLANPROGRAM
29/2018	ARBEIDSGRUPPE BUDSJETT - VAL AV MEDLEM FRÅ LEVEKÅRSUTVAL
30/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



**21/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Spørsmål frå Evelyn Boge

- Kva meiner rådmannen med sin kommentar i utsendinga der ho ber om å få leggje fram drøftingssak om konsekvensar av vedtatt økonomiplan for tenesteområda helse og omsorg og oppvekst etter at rådmannens grunnlagsdokument er presentert for kommunestyret 01.10.2018 - er det meininga at levekårsutvalet skal ha eit ekstra møte?  
Rådmannen svarte
  
- Vedk. skriftleg spørsmål i kommunestyret 25.06. om tidleg innsats i barnehage og stilling som spesialpedagog. Spørsmålet skulle sendast inn skriftleg og bli oversendt levekårsutvalet for behandling - ho savner denne på sakslista til dette møtet.  
Kommunalsjef oppvekst svarte - spørsmålet vil bli svart på i dagens møte

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 21/2018 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**22/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 22/2018 Vedtak:**

Protokollenvert godkjent slik han ligg føre.

---



**23/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 23/2018 Vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**24/2018: EVALUERING AV INTERKOMMUNAL LEGEVAKT VOSS OG OMEGN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for Levekår tek saka til orientering.

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Hege Eide Vik ønskjer meir informasjon om legevaktbilen og bruken av denne til neste møte.

Evelyn Boge ønskjer ein oversikt over kor brukarane av legevakta bur i kommunen.

Det vart vedteke at levekårsutvalet inviterer legevaktsjefen til eit møte i utvalet for m.a. å få svar på spørsmåla som kom fram i møtet.

**LEV - sak 24/2018 Vedtak:**

Utval for Levekår tek saka til orientering og inviterer legevaktsjefen til neste møte for m.a. å svara på dei spørsmåla som kom fram i møtet.

---

**25/2018: MELD. ST. 15 LEVE HELE LIVET**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek saka til orientering.



**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Kommunalsjef helse og omsorg orienterte.

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 25/2018 Vedtak:**

Utval for levekår tek saka til orientering.

---

**26/2018: RAMMEPLAN FOR VAKSDAL FRIVILLIGSENTRAL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Levekårsutvalet ber administrasjonen utarbeida rammeplan for Vaksdal frivilligsentral basert på følgjande:

- Rammeplanen vert utforma i tråd med krava frå «Norges Frivilligsentraler».
- Rammeplanen er i samsvar med hovudoppgåver framheva for denne typen sentralar, og prinsippa uttrykt i denne saka.
- Rammeplanen er overordna og utforma slik at han ikkje treng å reviderast ved mindre endringar i oppgåver og aktivitetar i regi av sentralen.
- Rammeplanen er i samsvar med økonomiske rammer og tilgjengelege ressursar.

Utkast til rammeplan følgjer budsjettbehandlinga og vert lagt fram for Levekårsutvalet på novembermøtet.

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 26/2018 Vedtak:**

Levekårsutvalet ber administrasjonen utarbeida rammeplan for Vaksdal frivilligsentral basert på følgjande:

- Rammeplanen vert utforma i tråd med krava frå «Norges Frivilligsentraler»
- Rammeplanen er i samsvar med hovudoppgåver framheva for denne typen sentralar, og prinsippa uttrykt i denne saka
- Rammeplanen er overordna og utforma slik at han ikkje treng å reviderast ved mindre endringar i oppgåver og aktivitetar i regi av sentralen
- Rammeplanen er i samsvar med økonomiske rammer og tilgjengelege ressursar

Utkast til rammeplan følgjer budsjettbehandlinga og vert lagt fram for Levekårsutvalet på novembermøtet.



---

**27/2018: TILSTANDSRAPPORT 2018**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Levekårsutvalet tek Tilstandsrapport 2018 til orientering.  
Levekårsutval vil forsatt (jamleg) ha særskilt fokus på mobbing.

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Kommunalsjef oppvekst orienterte.

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 27/2018 Vedtak:**

Levekårsutvalet tek Tilstandsrapport 2018 til orientering.  
Levekårsutvalet vil forsatt (jamleg) ha særskilt fokus på mobbing.

---

**28/2018: KOMMUNEDELPLAN OPPVEKST - ARBEIDSPROSESS OG TEMA I PLANPROGRAM**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Levekårsutvalet tek saka til orientering og følgjer opp med drøfting av arbeidsprosessar og tema til planprogrammet for kommunedelplan oppvekst.

Levekårsutvalet oppnemner ..... som saksordførar.

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Framlegg frå Evelyn Boge på vegner av SV, MDG, H:

*Kommunedelplan oppvekst tek utgangspunkt i skulestruktur som vedteke i sak 60/2016.*

Framlegg frå Magne Hestad:

*Hege Eide Vik vert saksordførar.*

Kommunalsjef oppvekst orienterte.



**Røysting:**

Det vart først røysta over første del av framlegg til vedtak - dette vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå Magne Hestad om saksordførar vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå Evelyn Boge vart vedteke med 4 røyster (SV, H, MDG, SP)

**LEV - sak 28/2018 Vedtak:**

Levekårsutvalet tek saka til orientering og følgjer opp med drøfting av arbeidsprosessar og tema til planprogrammet for kommunedelplan oppvekst.

Levekårsutvalet oppnemner Hege Eide Vik som saksordførar.

Kommunedelplan oppvekst tek utgangspunkt i skulestruktur som vedteke i sak 60/2016.

---

**29/2018: ARBEIDSGRUPPE BUDSJETT - VAL AV MEDLEM FRÅ LEVEKÅRSUTVAL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alt 1: ..... vert vald som medlem til arbeidsgruppe for budsjett og tiltak i økonomiplanperioden.

Alt 2: Levekårsutvalet avventar nærmare avklaring og utsett saka.

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Levekårsutvalet vedtok samrøystes alternativ 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**LEV - sak 29/2018 Vedtak:**

Levekårsutvalet avventar nærmare avklaring og utsett saka.

---

**30/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Levekårsutvalet 24.09.2018**

**Behandling:**

Diverse orienteringar frå rådmannen, mellom anna:

- Status pilot legevakt  
Kommunalsjef helse og omsorg orienterte



- Status arbeid med saksgrunnlag for alternativ til Interkommunalt legevaktsamarbeid  
Rådmannen orienterte
- Vedtak om vurderingsliste  
Kommunalsjef helse og omsorg orienterte

Orientering v/einingsleiar barnehage Gunn Elisabeth Melgård Aase:

- Om stilling som pedagog/spesialpedagog i barnehagane
- Livsglede for eldre mellom Dale barnehage/Daletunet og Vaksdal barnehage/Vaksdal sjukeheim
- Om mobbing i barnehagane
- Om Vaksdal Introsenter

**LEV - sak 30/2018 Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

---

**SPØRSMÅL**

**Anneli Vatle Lilletvedt**

- Om utskrivingsklare pasienter - ba om at listene frå Fylkesmannen blir lagt fram for  
levetårsutvalet som referatsak
- Om opprusting av kjøkkenet på Daletunet og rom som no blir ledige

**Tom Charles Johnsen**

Om aldersbustader på Jamne som står ledige

**Hege Eide Vik**

Om internett/Wifi på Daletunet